

Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

Fylkesordføreren svara slik:

«Hordaland Fylkeskommune har så langt ikkje fått saka på begrensa høyring frå OED, men i følge opplysningar i Hardanger Folkeblad vil fylkeskommunen få den på begrensa høyring. Vi kjenner ikkje til kva som står i det varsla brevet frå OED og om det er nye moment dei ønsker uttale om.

I høve flaumsikring av Odda har Hordaland fylkeskommune i 2018 hatt to saker til politisk handsaming, begge høyringsfråsegner til NVE:

1. Konesjonsøknad med konsekvensutgreiing for Opo flaumkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn. (KIRU 23.01.18 og FUV 01.02.18)
2. Flaumlukeløysing og generell flaumsikring av Opo i Odda kommune. Høyringsfråsegn. (KIRU 24.05.18 og FUV 31.05.18)
3. I tillegg har det vore oppe sak i FUV 21.06.18 der Hordaland fylkeskommune seier frå seg forkjopsretten til flaumkraftverket.

I utgangspunktet har ikkje administrasjonen nye opplysningar i saka og meir å tilføye. Det er soleis ei politisk vurdering kor stor vekt det har at Odda kommunestyre no ikkje ønskjer utbygging. Dette er meir ei politisk vurdering enn ei fagleg vurdering.

Eventuell ny politisk sak vil eg i utgangspunktet ikkje tilrå med mindre Fylkestinget gir signal om noko anna. Om Fylkestinget ønskjer ny politisk handsaming sak er det ikkje noko i vegen for det, sjølv om saka i utgangspunktet er ferdig handsama politisk.»